








## Sakima'nın şarkısı

## Sakimas song

-  Ursula Nafula
-  Peris Wachuka
-  Leyla Tekül
-  tyrkisk / nynorsk
-  nivå 3



Sakima annesi babası ve dört yaşındaki kız kardeşiyle yaşıyordu.

...

Sakima budde saman med foreldra sine og si fire år gamle syster. Dei budde på eigedomen til ein rik mann. Hytta deira hadde stråtak og låg ved enden av ei rad med tre.



Sakima üç yaşındayken bir hastalık geçirmişti ve kör olmuştu. Sakima çok yetenekliydi.

...

Då Sakima var tre år gammel, vart han sjuk og miste synet. Sakima var ein gut med mange talent.



Sakima diđer altı yařındaki ocukların yapamadıđı pek ok řeyi yapabiliyordu. rneđin kyn bykleriyle oturup nemli konular tartıřabiliyordu.

...

Sakima kunne mange ting som andre seksringar ikkje kunne. Til dmes kunne han sitja med eldre landsbymedlemmar og diskutera viktige saker.



Sakima'nın annesiyle babası zengin bir adamın evinde çalışıyorlardı. Evden erken çıkıyor ve eve geç dönüyorlardı. Sakima evde küçük kardeşiyle kalıyordu.

...

Sakima sine foreldre jobba i huset til den rike mannen. Dei drog tidleg om morgonen og kom tilbake seint på kvelden. Sakima vart igjen saman med veslesyster si.



Sakima şarkı söylemeyi çok seviyordu. Bir gün annesi sordu, "Sakima sen nereden öğreniyorsun bu şarkıları?"

...

Sakima elska å synga songar. Ein dag spurde mor hans han: "Kor har du lært desse songane, Sakima?"



Sakima şöyle cevap verdi, “Öylece aklıma geliyor anne, şarkıları kafamın içinde duyuyorum, sonra da söylüyorum.”

...

Sakima svara: “Dei kjem berre, mamma. Eg høyrer dei i hovudet mitt og så syng eg.”





Sakima şarkıları özellikle de küçük kız kardeşine söylemeyi seviyordu. Küçük kız onun en çok sevdiği şarkıyı dinliyordu. Şarkıyla beraber sağa sola sallanıyordu.

...

Sakima likte å synga for veslesyster si, særleg viss ho var svolten. Syster hans brukte å høyra på at han song yndlingssongen sin. Ho rørde seg til den lindrande låten.





“Gene söyle, gene söyle Sakima,” diye yalvarıyordu küçük kız. Sakima da onu kırmıyor şarkısını tekrar tekrar söylüyordu.

...

“Kan du synga han igjen og igjen, Sakima?” brukte syster hans å be han. Sakima aksepterte og song han igjen og igjen.



Bir akşamüstü, büyükler eve döndüğünde hiç konuşmuyorlardı. Sakima bir şeylerin ters gittiğini anlamıştı.

...

Ein kveld då foreldra hans kom heim, var dei veldig stille. Sakima visste at noko var gale.



“Anne, baba ne oldu?” diye sordu Sakima. Meğerse zengin adamın oğlu kaybolmuştu. Adam da yapayalnız kalmıştı ve çok üzgündü.

...

“Kva er i vegen, mamma, pappa?” spurde Sakima. Sakima fekk vita at sonen til den rike mannen var borte. Mannen var veldig lei seg og einsam.



Sakima anne ve babasına “Ona şarkı söyleyebilirim ve mutlu edebilirim,” dedi. Ama onu dinlemedi büyükler. “O çok zengin bir adam. Sen ise görmeyen bir çocuksun. Onu nasıl mutlu edebilirsin?” dediler.

...

“Eg kan synga for han. Kanskje han vert glad igjen”, sa Sakima til foreldra sine. Men foreldra hans avfeia han. “Han er veldig rik. Du er berre ein blind gut. Trur du songen din kjem til å hjelpa han?”



Sakima gene de vazgeçmedi. Küçük kardeşi de ona destek verdi. Dedi ki "Sakima nın şarkıları acıktığım zamanlar beni yatıştırıyor. Zengin adamı da rahatlatabilir."

...

Likevel gav ikkje Sakima opp. Veslesyster hans støtta han. Ho sa: "Songane til Sakima er lindrande når eg er svolten. Dei kjem til å verka lindrande på den rike mannen òg."




Ertesi gün, Sakima kardeşinden onu zengin adamın evine götürmesini istedi.

...

Neste dag bad Sakima veslesyster si om å leia han til huset til den rike mannen.






Büyük bir pencerenin altında durup en sevdiği şarkıyı söylemeye başladı. Az sonra pencerede zengin adamın kafası görünmeye başladı.

...

Han stod nedanfor eit stort vindauge og byrja å synga favorittsongen sin. Sakte byrja hovudet til den rike mannen å visa seg gjennom det store vindaugget.






İşçiler işlerini bıraktılar. Sakima'nın güzel şarkısını dinlemeye başladılar. Ancak bir adam şöyle dedi, "Bizim patronu hiç kimse teselli edemedi, bu kör çocuk nasıl onu teselli edeceğini düşünebiliyor?"

...

Arbeidarane stoppa det dei heldt på med. Dei høyrde på den vane songen til Sakima. Men éin mann sa: "Ingen har vore i stand til å trøysta sjefen. Trur denne blinde guten at han kan trøysta han?"



Sakima şarkısını bitirdi ve tam geri dönmek üzereydi ki adam ona seslendi, "Lütfen şarkını bir kere daha söyle."

...


Sakima var ferdig med å synga songen og snudde seg for å dra. Men den rike mannen skunda seg ut og sa: "Ver så snill og syng igjen."



Tam o esnada iki adam sedye ile birini taşıyarak oraya getirdiler. Zengin adamın dövülüp yol kenarında bırakılan oğlunu bulmuşlardı.

...

I same augneblink kom det to menn berande på ei båre. Dei hadde funne sonen til den rike mannen banka opp og forlaten i vegkanten.



Zengin adam ođluna kavuđuđu için çok mutlu olmuđu. Sakima'yı onu teselli ettiđi için ödüllendirildi. Ođlunu ve Sakima'yı hastaneye götürdü. Böylece Sakima da artık tedavi olabilecek ve gözleri yeniden görebilecekti.

...

Den rike mannen var veldig glad for å sjå sonen sin igjen. Han lønte Sakima for at han trøysta han. Han tok sonen sin og Sakima med til sjukehuset slik at Sakima kunne få synet tilbake.



# Barnebøker for Norge

[barneboker.no](http://barneboker.no)

Sakima'nın şarkısı

Sakimas song

Skrevet av: Ursula Nafula

Illustret av: Peris Wachuka

Oversatt av: Leyla Tekül (tr), Espen Stranger-Johannessen, Martine Rørstad Sand (nn)

Denne fortellingen kommer fra African Storybook ([africanstorybook.org](http://africanstorybook.org)) og er videreformidlet av Barnebøker for Norge ([barneboker.no](http://barneboker.no)), som tilbyr barnebøker på mange språk som snakkes i Norge.

Dette verket er lisensiert under en Creative Commons  
[Navngivelse 4.0 Internasjonal Lisens](https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/).